

Saksprotokoll

Organ: Plan og forvaltningsutvalet

Møtedato: 16.03.2021

Arkivsaksnr.: 20/5054-34

Saksnr.: 13/21

Saksprotokoll - Samfunnsplan for Sogndal kommune 2021-2030

Handsaming:

Rådmannen rår plan- og forvaltningsutvalet til å gje slik tilråding:

Plan- og forvaltningsutvalet rår Formannskapet til å gjere slikt vedtak:

Samfunnsplanen for Sogndal kommune 2021-2030 vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn slik han ligg føre, i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14.

Endringsframlegg:

Oddbjørn Bukve (SV) la fram forslag til tillegg:

Plan- og forvaltningsutvalet tilrår at utvala, formannskapet og kommunestyret har innspelmøte til planen i slutten av april/byrjinga av mai, og at politisk slutthandsaming vert lagt til junimøta.

Avrøysting:

Framlegget frå representanten Bukve vart røysta over, samrøystes.

Dette gir følgjande vedtak:

Plan- og forvaltningsutvalet rår Formannskapet til å gjere slikt vedtak:

Samfunnsplanen for Sogndal kommune 2021-2030 vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn slik han ligg føre, i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14.

Plan- og forvaltningsutvalet tilrår at utvala, formannskapet og kommunestyret har innspelmøte til planen i slutten av april/byrjinga av mai, og at politisk slutthandsaming vert lagt til junimøta.